

1. EIGARFORHOLD

Førde kommune er eigar av :

- Halbrend barnehage
- Hatlehaugen barnehage
- Holsen skule og barnehage
- Karstad skule og barnehage
- Nærleiken barnehage
- Slåttebakkane barnehage
- Solsida barnehage
- Sunde barnehage
- Tusenfryd
- Vie barnehage
- Vieåsen barnehage
- Ytre Hafstad barnehage

Dei kommunale vedtektene gjeld i desse barnehagane. I tillegg disponerer Førde kommune plassane i Solvang barnehage.

2. FØREMÅL

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på andsfriheit, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane, jamfør § 1 i Lov om barnehage.

Innhald:

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd. Barnehagen skal gje barn høve til lek, livsutfalding og meningsfylte opplevingar og aktiviteter. Barnehagen skal ta omsyn til barnet sin alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.

Barnehagen skal formidle verdiar og kultur, gje rom for barn sin egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i eit sosialt og kulturelt fellesskap.

Barnehagen skal støtte barn si nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringar med utgangspunkt i barnet sine interesser, kunnskapar og ferdigheiter.

Barnehagen skal ha ein helsefremmjande og ein førebyggjande funksjon og bidra til å utjamne sosial ulikskap. (Jamfør Lov om barnehage § 2)

3. OPPTAK TIL BARNEHAGE

a) Samordna opptak til barnehagane

I Førde kommune er det samordna opptak som omfattar samtlege barnehagar i kommunen.

Alle barnehagar har eigne opptakskriterium som regulerer opptak, desse står i barnehagen sine vedtekter.

Det er eitt hovudopptak på våren kvart år. Søknadsfrist for hovudopptak er 1.mars. Fristar og rutinar vert kunngjort gjennom oppslag, annonse og internett.

Tildeling av plassar ved hovudopptak vert gjort i mars/april.. Søknader som kjem inn etter fristen, vil bli handsama etter at dei med rett til barnehageplass er plassert. Når hovudopptaket er avslutta og alle med rett til barnehageplass etter Lov om barnehage har fått plass, har ein i Førde kommune kontinuerleg opptak og nye søknader vert registrert og handsama fortløpande.

Av omsyn til barnegruppa si samansetning, prioritering av søsken og fordeling av barn med spesielle

behov, kan opptaksmynde gjennom det samordna opptaket utvise skjønn ved fordeling av barn mellom barnehagane.

Søknadslistene er sortert etter alder, ei liste for 0 – 3 år og ei liste for barn i alderen 3 – 5 år.

Opptaksmynde

Det er Rådmannen som tildeler kommunale plassar og plassane kommunen disponerer i private barnehagar.

Klage på opptak

Klageutvalet i Førde kommune er klageorgan ved klage på tildeling av barnehageplass. Klage skal sendast til Rådmannen og følgje rutinar for forskrift om sakshandsaming ved opptak til barnehage.

Opptaksperiode

Vi reknar eit barnehageår frå skulestart i august til skulestart året etter. Tildelt barnehageplass gjeld frå det tidspunkt som står på tildelingsbrevet, og plassen er bindande til den vert sagt opp skriftleg, eller ut barnehageåret det året barnet begynner på skulen.

4. OPPTAKSKRITERIA TIL KOMMUNAL BARNEHAGEPLOSS

Ein kommunal barnehageplass i Førde føreset at barnet er busett i kommunen ved oppstart. Søkjarar frå andre kommunar kan bli tildelt plass dersom det er ledige plassar.

Følgjande grupper er prioritert ved opptak:

1. Barn med nedsatt funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas en sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne, jamfør Lov om barnehage § 13. (Kode 10).
2. Barn som det er fattet vedtak om etter lov om barneverntjenester §§ 4-12 og 4-4 annet og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage, jamfør Lov om barnehage § 13. (Kode 20).
3. Barn med særlege behov for barnehageplass grunna sosiale, helsemessige eller andre spesielle forhold i heimen. (Kode 30).

Ved søknad om opptak etter prioritert kriterium skal det leggjast ved dokumentasjon av nyare dato frå sakkunnig instans som barnevern, helsestasjon, lækjar, PPT. I dokumentasjonen skal det klårt gå fram kvifor barnet har særleg trong for barnehageplass.

Søkjarar som ikkje kjem innunder kode 10, 20 eller 30 vert prioritert etter alder. (Kode 90).

Når barn er tildelt barnehageplass vil barnet bli prioritert inn i same barnehage som søsken.

5. RETNINGSLINJER FOR ENDRING AV OPPHALDSTID/BYTE AV BARNEHAGE.

Barn som er tildelt kommunal barnehageplass har førerett til auke av opphaldstid **når dei har starta i barnehagen.** Gjeld dersom det etter styrar si vurdering er praktisk og pedagogisk mogleg. Søknad sendast barnehagen og tildeling av ny opphaldstid vert gjort av styrar. Søknadsfristar og rutinar vert kunngjort gjennom oppslag. Dersom det er fleire søkjarar til ledig plass vert søkjarane prioritert etter gjeldande opptakskriterium.

Søkjarar som har barnehageplass i kommunal barnehage og som ynskjer å byte til annan kommunal eller privat barnehage, må søkje på nytt og vert vurdert som ny søkjar.

6. OPPSEIING

Plassen er bindande til den vert sagt opp skriftleg, eller ut barnehageåret det året barnet byrjar på skulen. Ved flytting frå kommunen kan tildelt barnehageplass behaldast ut barnehageåret. Det gjeld tre månader oppseiing av plassen/reduksjon i opphaldstid, oppseiingsmånad samt 2 påfølgjande heile månader. Dersom ein vel å seie opp etter 1. mai må ein betale barnehageplassen resten av barnehageåret.

7. REGLAR FOR FORELDREBETALING.

Foreldrebetaling og søskenmoderasjon vert regulert gjennom § 15 i lov om barnehagar og til ei kvar tid gjeldande forskrift. Rådmann fastsett foreldrebetaling og søskenmoderasjon.

Foreldrebetalinga er månadleg i 11 månader, juli er betalingsfri. Når barnet skal slutte i barnehagen, gjeld betaling for oppseiingsmånad samt 2 påfølgjande månader. Same reglar gjeld ved reduksjon i plass.

Dersom barnet/barna hentast etter ordinær stenetid må foreldra betale eit gebyr for kvar påbegynte halvtime. Gebyret vert fastsett av bystyret.

Reduksjon eller fritak frå foreldrebetaling kan innvilgast etter Forskrift om foreldrebetaling. Søknad skal rettast til Førde kommune. Dokumentasjon for familien si samla inntekt må leggjast ved søknaden.

8. OPNINGSTIDER OG FERIE.

Kommunale barnehagar har ope frå måndag til fredag. Barnehagetilbodet vert organisert innanfor ei dagleg opningstid på maksimum 10 timar. Rådmannen fastsett opningstida for kvar barnehage.

Barnehagane er stengt på offentlege helge- og høgtidsdagar samt 5 planleggingsdagar i løpet av barnehageåret. I tillegg skal barna ha ferie i 3 veker som skal vere samanhengande og takast ut i perioden 1.juni og til skulestart, jamfør punkt 8 om betalingsfri i juli. Barna sin ferie skal meldast til barnehagen seinast 1.juni i ferieåret.

9. BARNEHAGEN SITT SAMARBEIDSUTVAL

Ved kvar barnehage skal det vere eit samarbeidsutval med to representantar for dei tilsette, og to for foreldrerådet. Styrar har rett til å møte, tale og komme med framlegg.

10. AREALNORMER.

Følgjande arealnormer gjeld for kommunale barnehagar:
4,5 kvm. pr. barn 3 – 5 år 6,0 kvm pr. barn 1 – 3 år

11. INTERNKONTROLL

Kommunale barnehagar har internkontrollsystem i samsvar med Førde kommune sitt internkontrollsystem.

Førde, 01.02.2018

Ole John Østenstad
Rådmann

Helge Sæterdal
Kommunalsjef

VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR



VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR

Underlagt lov 17.juni 2005 nr. 64: Lov om barnehagar , og til ei kvar tid gjeldande forskrifter og rammeplan for barnehage.

Vedteke i Førde bystyre 15.02.18.